



Praksiskonsulent allmennlege NSH

Fag og utviklingsavdeling, Helse Førde

Er du allmennlege, og engasjert i samarbeidet mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta? Då er denne oppgåva noko for deg!

Helse Førde har ledig fast 20% stilling for allmennlege som praksiskonsulent for område Nordfjord.

Praksiskonsulentane er allmennlegar med deltidsstilling i Helse Førde. Oppgåva er å bidra til gjensidig samarbeid, kunnskap og informasjon mellom nivåa i helsetenestene.

Ein av våre trufaste praksiskonsulentar skal no pensjonere seg, og vi søker ein lege som kan erstatte henne, og som gjerne har praksis i Nordfjord-regionen.

Helse Førde har 3 praksiskonsulentar, ein for kvar region; Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Stillinga er knytt til i Fag- og utviklingsavdelinga med utviklingsdirektør som leiar, og fagdirektør og samhandlingssjef som nære samarbeidspartar.

📅 Søknadsfrist:	15.08.2020	🕒 Heiltid / Deltid:	Deltid
📄 Arbeidsgivar:	Helse Førde	🏢 Tilsetjingsfor...:	Fast
📍 Stad:	Nordfjordeid	📊 Stillingsprose...:	20
👤 Tittel:	Praksiskonsulent allmennlege NSH	🔑 Webcruiter-ID:	4224452066
		👥 Stillingar:	1
		🔗 Sosial deling :	● ● ● ●

Arbeidsoppgåver

- Bidra til å utvikle tenester og samarbeid. Det vil vere spanande oppgåver m.a. knytt til Pasientens helseteneste og etablering av helsefellesskap.
- Informasjonsaktivitet som bidreg til at legane i kommunane og spesialisthelsetenesta har god kunnskap om kvarandre sin praksis. Presentasjonar i ulike fora kan vere aktuelt
- Deltaking i samhandlingfora og utviklingsarbeid etter avtale
- Rådgjeving om opplæring og informasjon t.d. ved innføring av nye ordningar
- Regelmessige fellesmøte med dei andre praksiskonsulentane, samhandlingssjef og utviklingsdirektør
- Arbeidet inneber noko reiseverksemd

Kvalifikasjonar

- Medisinsk embetseksamen, og helst spesialisering som allmennlege og/eller samfunnsmedisin
- Erfaring som allmennlege
- God kjennskap til spesialisthelsetenesta

Personlege eigenskapar

- Gode samarbeidsevner, høg fagleg integritet
- Strukturert
- Gode formidlingsevner muntleg og skriftleg
- Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar

Vi tilbyr

- Løn etter avtale
- Praksiskonsulentarbeid gir rett til fritak frå plikt til offentleg legearbeid i kommunen, jfr
- Rammeavtalen mellom KS og DNLF §12.6.p
- Kontorplass og naudsynte arbeidsverktøy vert stilt til disposisjon
- Deltaking i nasjonale praksiskonsulent-fora, samhandlingkonferansar, andre kurs



Arbeidsstad

Sjukehusvegen 14, 6770 Nordfjordeid
Norge

Kontaktinformasjon



Anne Kristin Kleiven

Uviklingsdirektør

☎ (+47) 415 30 341



Anne Stubdal

Praksiskonsulent - leiar

☎ (+47) 416 75 553

Helse Førde HF har ansvar for spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane. Føretaket arbeider for å gje pasientar og brukarar eit godt og heilskapeleg tilbod innanfor gjeldande rammer. Helse Førde sine institusjonar og prehospitale tenester er organisert i eit heilskapleg nettverk, og samarbeidet med andre instansar som m.a. kommunane er høgt prioritert. Føretaket har om lag 3 000 tilsette og eit budsjett på 2,8 milliardar kroner og er den største verksemda i fylket. Helseføretaket er eigd av det statlege Helse Vest RHF. Helse Førde skal så langt råd spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.

